



Drammen Dixielandband serverte gla'jazz av beste merke, men for få tilhøyrarar, på Hal-lingdal hotell.

# Gla'jazz for dei få

**Ingen skal seie anna enn at det svinga. Men likevel var det berre eit fåtal som let seg lokke inn til gla'jazz på Hal-lingdal hotell fredag.**

Synd, både for arrangørane av "Marsdagane", der jazzkvelden inngjekk som del av programmet, og for Drammen

Dixielandband. Etter eige utsagn hadde drammensarane

aldri spelt så langt "heimanfrå" før. Og kanskje heller aldri for eit mindre publikum?

Men dei som var der, angra ikkje på besøket.

Dei sju rutinerte musikarane, fleire av dei med bakgrunn frå meir kjende Royal Garden Jazzband, fekk det til å svinge frå fyrste låt.

Med den klassiske dixieland-besetninga klarinett, trompet, trombone, piano, gitar, bass og trommør, fekk dei raskt opp temperaturen.

Jazz har ingen kultur i Hal-lingdal, og er heilt klart ingen publikumsmagnet i folkemusikkbygda Ål. Men den gammaljazzen som Drammen Dixielandband spelar, burde likevel falle i smak hjå dei fleste. Det er gla'jazz i beste for-stand.

Det var vanskeleg å halde taktfoten stille for publikum, som automatisk også tok fingrane til hjelp for å tromme takta mot bordplate eller stol-karm.

Ingen tvil om at det svinga av Drammen Dixielandband. Men trass i "Baby, won't you please come home", det var få som fylgde oppmodinga og fann vegen....

KJELL SLÅTTE

24.04.95

Hal-lingdal hotell